

System for arbeidet med elevane sitt psykososiale miljø

Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skoleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet. (Opplæringslova, §9a-4)

Med psykososialt miljø er meint elevar og tilsette si oppfatning av det mellommenneskelege og sosiale miljøet på skulen. I tillegg handlar det om elevane si oppleving av sjølve læringsituasjonen.

1 Mål for arbeidet med skolemiljøet

Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. (Opplæringslova §9a-1)

Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør (Opplæringslova, §9a-3, første ledd)

Dette inneber at:

- Alle elevar opplever trivsel og tryggleik på skulen
- Alle elevar opplever eit skolemiljø fritt for mobbing og krenkande åtferd
- Alle elevar opplever å høre til og å vere inkludert i eigen klasse og på skulen
- Alle elever opplever at brot på retten til eit godt miljø blir oppdaga og handtert på ein effektiv måte

2 Definisjonar på krenkande åtferd (ord og handlingar):

- Mobbing: når ein eller fleire elevar seier eller gjer vondt eller ubehagelege ting mot ein annan elev, gjentekne gonger, og når den som blir utsett for det har vanskeleg for å forsvare seg
- Utestenging: når nokon ofte eller alltid vert halden utanfor ei gruppe eller ein aktivitet
- Vald: når nokon brukar fysisk makt for å skade andre
- Rasisme: når nokon blir erta, plage eller handsama ulikt på grunn av hudfarge eller språk

- Diskriminering: når nokon vert handsama annleis på grunn av kjønn, funksjonsevne, tru, eller hudfarge
- Verbal seksuell trakassering: når nokon direkte vert kalla, får kommentarar om kropp og utsjånad, framlegg eller krav om seksuelle tenester
- Ikkje-verbal seksuell trakassering: når nokon stirrar på kroppsdelar på ein ubehageleg måt, spreier rykte, legg ut bilete med seksuelt innhald på sosiale medium.
- Seksuelle overgrep: når nokon fysisk krenker grenser, tek på eller utøver voldtekta

3 Førebyggjande tiltak og aktivitetar:

- God skulestart
- Ordensreglement
- Reglar for bruk av internett
- Karakterar i orden og åtferd
- Klassens time og elevråd
- Skolemiljøutval
- Inspeksjon
- ElevsamtaLEN
- Foreldremøte/foreldresamtalar
- Elevundersøkinga
- Kvalitets- og rutinehandboka for opplæringssektoren
- Krise- og beredskap generelt (eigen plan)
- Elev- og lærlingombodet i Sogn og Fjordane

4 Avdekking, varsling av og melding om mobbing og krenkande åtferd

- a) Frå tilsette på skulen

Dersom nokon som er tilsett ved skolen får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkande ord og handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkomande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogeleg, sjølv gripe direkte inn. (Opplæringslova §9a-3, andre ledd)

Ei systematisk og kontinuerleg kartlegging av skolemiljøet skal sikre at krenkande åtferd, inkludert mobbing, vert avdekt så tidleg som råd. Alle tilsette på skulen har observasjons- og varslingsplikt. Skulen skal ha eit system for registrering av enkeltilfelle av, og mistanke om, mobbing og krenkande åtferd, sjå meldeskjema sist i dokumentet. Faglærar og kontaktlærar skal følgje med på elevane sine aktivitetar på læringsplattform og andre sosiale medium som skulen nyttar.

Ved varsling frå tilsette om kjennskap til eller mistanke om at ein/fleire elevar vert utsette for krenkande ord og handlingar skal rektor først undersøke saka før han avgjer om det er grunnlag for enkeltvedtak eller ikkje. Dersom tiltaka har konsekvensar for eleven/elevane det gjeld skal det fattast eit enkeltvedtak.

Sjekkliste:

	Handling	Ansvar	Utført dato
1	Gripe inn dersom åtferd inneber fare for ein eller fleire elevar	Den som ser hendinga	
2	Varsle rektor (meldeskjema) og kontaktlærar	«	
3	Undersøke saka (hente inn fakta frå alle partar)	Rektor, kontaktlærar	
4	Vurdere fakta	Rektor	
5	Samtale med foreldre/føresette til den som kjenner seg krenkt	Rektor/kontaktlærar	
6	Samtale med foreldre/føresette til den som har krenkt	Rektor/avdelingsleiar	
7	Gjere enkeltvedtak når tiltak krev dette	Rektor	
8	Setje i verk eventuelle tiltak	Rektor/kontaktlærar	
9	Evaluere tiltak	Kontaktlærar	
10	Vurdere behov for fleire tiltak	Rektor/kontaktlærar	

b) Melding frå foreldre/elevar

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast råd behandle saka etter reglane om enkeltvedtak forvaltningslova. (Opplæringslova, §9-a3, tredje ledd)

Ein elev som kjenner seg mobba eller utsett for ei anna krenkande handling utan at skulen grip inn kan sjølv, eller gjennom foreldre/føresette melde frå til skulen. Meldinga kan vere skriftleg eller munnleg. Den som melder skal informerast om at dei har rett til å få enkeltvedtak i saka. Meldeskjemaet skal registrerast i ESA og lagrast i elevmappa til den/dei det gjeld.

Sjekkliste:

	Handling	Ansvar	Utført dato
1	Varsle rektor og kontaktlærar med ein gong	Den som mottek	

		meldinga	
2	Informere elev og foreldre/føresette om at dei har rett til eit enkeltvedtak i saka	Kontaktlærar	
3	Fylle ut meldeskjema dersom meldinga er munnleg og sende til rektor	«	
3	Undersøke saka (hente inn fakta frå alle partar)	Rektor, kontaktlærar	
4	Vurdere fakta	Rektor	
5	Samtale med foreldre/føresette til den som kjenner seg krenkt	Rektor/kontaktlærar	
6	Samtale med foreldre/føresette til den som har krenkt	Rektor/avdelingsleiar	
7	Gjere enkeltvedtak når tiltak krev dette	Rektor	
8	Setje i verk eventuelle tiltak	Rektor/kontaktlærar	
9	Evaluere tiltak	Kontaktlærar	
10	Vurdere behov for fleire tiltak	Rektor/kontaktlærar	

Om enkeltvedtak etter opplæringslova, §9a-3, tredje ledd:

Det skal alltid fattast enkeltvedtak når elevar eller foreldre/føresette melder om tilhøve knytte til skolemiljøet. Rektor skal vurdere om eleven sin rett til eit godt psykososialt miljø er ivaretaken.

Dersom rektor konkluderer med at eleven sin rett ikkje er oppfylt, skal enkeltvedtaket vise tiltak som skal setjast i verk for at eleven skal kunne kjenne seg trygg i skulesituasjonen. Dersom rektor konkluderer med at eleven sin rett er oppfylt, skal enkeltvedtaket opplyse om at det ikkje vert sett i gang tiltak.

Det ligg mal for enkeltvedtak etter §9a-3 i ESA. Vedtaka skal lagrast i elevmappene til den/dei det gjeld.

5 Evaluering og revisjon

Skulen skal med jamne mellomrom kontrollere at systemet for oppfølging av elevane sitt skolemiljø vert følgt, sjå sjekkliste for skuleigar og skuleleiar. Eventuelle avvik må skildrast og rettast opp. Fylkesdirektøren har ansvaret for revisjon av systemet. Skulane melder innspel og erfaringar.

6 Eksterne ressursar:

Frå Utdanningsdirektoratet:

[Systemretta arbeid etter opplæringslova kap 9a Udir - 4 - 2014](#)

[Retten til eit godt psykososialt miljø Udir - 2 - 2010](#)

[Nullmobbing.no \(informasjon til barn, unge og foreldre\)](#)

[Rettleiing mobbing og skulemiljø](#)

[Foreldrebrosjyre - elevane sitt psykososiale skulemiljø](#)

[Elevhefte skulemiljø](#)

[Rettleiar for medlemer i skulemiljøutval](#)

Andre:

[Elev- og lærlingombodet i Sogn og Fjordane \(også mobbeombod\)](#)

7 Døme på årshjul for arbeid med elevane sitt skolemiljø

Når	Tiltak	Ansvarleg	Innhold/kommentar	Gjennomført (dato og sign)
August	Planleggingsdag for alle tilsette	Rektor	Skolemiljøarbeid som fast tema	
	«God skulestart» -informasjon om reglement mm -ulike aktivitetar og tiltak med fokus på klasse- og skolemiljø	Avdelingsleiing/kontaktlærar	Ordensreglementet Fråværsreglementet Reglar for nettbruk «Bli kjend» - aktivitetar	
September	Konstituere skolemiljøutval	Rektor	Jf § 11 i opplæringslova	
	Konstituere klasseråd	Kontaktlærar		
	Konstituere elevråd	Rektor		
	Skolere elevråd og skolemiljøutval	Rektor		
	Gjennomføre elevsamtalar	Kontaktlærar		
	Gjennomføre foreldremøte	Rektor og kontaktlærar		
Okt/nov	Dialogmøte mellom dei vidaregåande skulane og fylkesdirektøren	Fylkessdirektøren for opplæring	Etter eigen plan Bruke sjekkliste, sjå vedl 2	
Februar	Rapportere til årsrapport	Rektor		
Jan - mars	Gjennomføre elevundersøkinga	Rektor		
	Gjennomføre medarbeidarsamtalar	Rektor/avdelingsleiing		
Februar – mars	Gjennomføre elevsamtalar	Kontaktlærar		
	Gjennomføre foreldresamtalar	Kontaktlærar		
April	Gjennomføre personalmøte	Rektor	Presentere og analysere resultata frå Elevundersøkinga	
	Gjennomføre skolemiljøutvalsmøte	Rektor	-«-	
Mai-juni	Personalmøte Skolemiljøutvalsmøte	Rektor	Evaluere skolemiljøarbeidet, ev revisjon system/plan	

8 Sjekkliste for skuleleiing og skuleeigar sitt systematiske arbeid med skudemiljøet etter kap. 9a i opplæringslova:

	Ja/nei	Oppfølging/tiltak	Ansvar/utført
1. Har skulen formulert konkrete mål for skudemiljøet og skudemiljøarbeidet i samsvar med reglane i kap. 9a og § og 11-5a i opplæringslova?			
2. Er elevar og tilsette orienterte om måla og systemet for arbeidet med skudemiljøet?			
3. Følgjer skulen sjekklistene for å sikre elevane sin rett til eit godt fysisk og psykososialt skudemiljø?			
4. Har skulen årshjul/rutinar for å kontrollere at rutinane nemnde ovanfor blir følgde?			
5. Har skulen plan/rutinar for god skulestart?			
6. Har skulen rutinar for å halde elevrådet og skudemiljøutvalet løpande orientert om planar, hendingar og vedtak som vedkjem skudemiljøet?			
7. Får elevrådet og elevrepresentantane i skudemiljøutvalet opplæring i det som har med det fysiske og det psykososiale arbeidsmiljøet å gjøre?			
8. Har skulen plan for møta i elevrådet, møta mellom rektor og elevrådet og møta i skudemiljøutvalet?			
9. Har skulen rutinar for å vurdere effekten av arbeidet i elevråd og skudemiljøutval?			
10. Undersøker skulen om elevane generelt sett opplever at dei blir spurde og høyrde i saker som gjeld det fysiske og det psykososiale miljøet?			
11. Undersøker skulen om medlemene i elevrådet og elevrepresentantane i skudemiljøutvalet opplever å bli tekne på alvor?			
12. Går skulen gjennom ordensreglement og reglar for nettbruk ved skulestart?			
13. Går skulen gjennom kriteria for karakterane i orden og åtferd ved skulestart?			
14. Er skudemiljøet fast tema i «klassens time»?			
15. Er det vaksne blant elevane i friminutt og pausar? Ute, i kantina/fellesareal?			
16. Er skudemiljøet sett tema på personalmøta, i elevsamtalane, foreldresamtalane og foreldremøta?			
17. Har skulen rutinar for å følgje opp resultata frå Elevundersøkinga? <ul style="list-style-type: none"> - i klasse/gruppe/elevråd - skudemiljøutvalet - personalgruppa - foreldremøte 			
18. Har skulen rutinar for å skolere tilsette i kvalitets- og rutinehandboka?			
19. Har skulen rutinar for å informere elevar og tilsette om krise- og beredskapsplanen?			
20. Brukar skulen elev- og lærlingombodet aktivt i det førebyggjande arbeidet?			

9 Meldeskjema

Meldeskjema for bekymring for eleven sitt psykososiale miljø

Eleven det gjeld:			
Fødselsdato:			
Klasse/gruppe:			
Bekymring meld til:			
Bekymring meld av:		Telefon:	Funksjon:
Grunnlaget for bekymringa (type hending, observasjon, involverte):			
Andre opplysninger som har relevans:			
Dato:	Signatur (meldar):		
Meldinga er vidaresend til rektor:			
Dato:	Signatur:		
Meldinga er registrert i ESA og i elevmappe:			
Dato:	Signatur:		